



# Valprogram Hareid Høgre 2019-2023

Med hjarte for Hareid





**Gode oppvekstvilkår er ei forutsetning for eit trygt, levande og utviklande lokalsamfunn. Vi i Hareid Høgre skal sikre eit godt barnehagetilbod, ein skule med tidleg innsats og kompetente lærarar - og ein kulturskule med eit breitt og godt tilbod til ungane våre.**

**Vi vil at born og unge skal ha medvirkning på det som skjer i kommuna vår. Dei skal få sitt eige kommunestyre - dette vil vere demokrati i praksis også for dei yngre.**

# Hareid Høgre vil jobbe for at Hareid skal bli ei god kommune å bu i og å flytte til, med kjerneverdiane tillit, respekt og samhandling.

- ♥ Hareid er ei kulturkommune. Vi ynskjer å sikre eit godt kulturtilbod for heile kommunen, difor bør det byggast eit allbrukshus i sentrum som skal vere tilgjengeleg for alle. Dette vil skape nye møtestader for vaksne og unge i kommuna.
- ♥ Vi vil fortsette å ha ein verdig eldreomsorg. Vi skal arbeide for at innbyggerane skal ha ein aktiv alderdom, som vil gi betre helse og trivsel. Brukarane SKAL vere i fokus når dei mottak tenester frå Hareid kommune.
- ♥ Vi vil gi innbyggerane i alle fasar av livet ein trygg og aktiv kvardag. Vi vil legge til rette for eit betre samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar og omsorgstenestene i kommunen.
- ♥ Vi skal arbeide for tidleg innsats også innanfor rus og psykiatri.
- ♥ Vi skal ha fokus på ein sunn kommuneøkonomi, og våge å ta dei rette grepa for å nå dette. Vi skal ha ein god økonomistyring og ein fast budsjettpolitikk. Vi skal arbeide for å redusere eigedomsskatten og til slutt fjerne den.
- ♥ Vi skal bidra til å sikre gode og stabile rammevilkår for dei som driv med fiskeri, havbruk, landbruk og industri. Vi vil vidareføre prosjektet «Vekst i Hareid».
- ♥ Vi vil styrke tverrfaglege tenester i oppvekstsektoren. Vi ynskjer å ha helsesjukaerleiar tilstades for elevane på skulane kvar dag. Vi skal sørge for gode økonomiske rammer for alle barnehagane i kommunen.

# TOPPKANDIDATAR

1



## Audun Ulstein

Født 1975, Salssjef



Vere ein engasjert, lyttande og tilstedeverande ordførar for ALLE i Hareid kommune. Skape gode rammevilkår for næringslivet. Hareid skal vere ei JA-kommune!

2



## Wenche Johanne Holstad Jøsok

Født 1968, Lærer

♥-saker: Born og unge skal ha medvirkning på det som skjer i kommuna vår. Dei skal få sitt eige kommunestyre, dette vil vere demokrati i praksis også for dei yngre.

3



## Alice Strømmegjerde

Født 1972, Salsingeniør



Styrke helsestasjonen og skulehelsetenesta. Helsestasjonen må styrkast for å kunne avdekke og hjelpe born som lever med til dømes rus, psykisk sjukdom eller vald.

4



## Berte Holstad Engen

Født 1971, HMS-rådgevar



Vere ein pådrivar for utvikling, effektivisering og forbetring av kommuna si drift og tenester. Vi må ha eit kontinuerlig fokus på evaluering og forbetringar.

5



## Fredrik Andresen

Født 1995, Student

♥-saker:

Gode oppvekstvilkår for born og unge. Attraktive og inkluderande lokalsamfunn. Sikre eit godt skuletilbod for alle.

6



## Gunnar Riise

Født 1936, Pensjonert køyrelærer

♥-saker:

Det er viktig å legge til rette for næringsutvikling, spesielt i havromet. Våge å ta nødvendige prioriteringar for ein betre kommuneøkonomi.

7



## William Thorseth

Født 1997, Styrmannskadett

♥-saker:

Det viktigaste vi gjer er å skape arbeidsplassar. Gründarar må få hjelp og støtte, Høgre skal vere best på næringsutvikling!

8



## Robert Holstad Flø

Født 1984, Lærer

♥-saker:

Kultur, idrett og frivillig arbeid skal vere tilgjengeleg for alle. Legge til rette for at idrett og frivillige kan bidra til å inkludere grupper som elles fell utanfor.

# Listekandidatar

- 1. Audun Ulstein,  
født 1975**
- 2. Wenche Johanne Holstad  
Jøsok, født 1968**
- 3. Alice Strømmegjerde,  
født 1972**
- 4. Berte Holstad Engen,  
født 1971**
- 5. Fredrik Andresen,  
født 1995**
- 6. Gunnar Riise,  
født 1936**
- 7. William Thorseth,  
født 1997**
- 8. Robert Holstad Flø,  
født 1984**
- 9. Vegard Gjerde,  
født 1947**
- 10. Lars-Petter Bjørlykke,  
født 1977**
- 11. Kai Endre Stridh,  
født 1974**
- 12. Cecilie Bjørlykke,  
født 1973**
- 13. Håvard Alvestad,  
født 1951**
- 14. Renate Røyset Lillebø,  
født 1982**
- 15. Vidar B. Røyset,  
født 1961**
- 16. Tommy Røyset,  
født 1973**
- 17. Geir Sæther,  
født 1966**
- 18. Lars Bastian Reite,  
født 1995**
- 19. Margrethe Hareide Garnes,  
født 1977**
- 20. Ludvig Jøsok Rasmussen,  
født 1996**
- 21. Sissel Indrefløy,  
født 1975**
- 22. Johs. Christian Riise,  
født 1972**
- 23. Roger Elvebu,  
født 1968**
- 24. Ole Frank Bakken,  
født 1963**
- 25. Linda Haddal Røssevold,  
født 1970**
- 26. Anders Riise,  
født 1969**

# VI TRUR PÅ HAREID!



Vi i Hareid Høgre har trua på Hareid! Vi har trua på at alle oss som bor her vil vere med på å gjere Hareid til ei enda betre kommune å bo i – slik at folk får lyst å flytte til Hareid og vere med på veien vidare. Vi har mykje å vere stolt av, og meir skal det bli! Vi må legge til rette for næringslivet, slik at Hareid vert ein attraktiv plass å etablere nye arbeidsplassar. Vi ligg midt i den maritime klynga på Sunnmøre og har havromet rett utanfor stuedøra, med dei moglegheitene det inneber.

Vi trur på fellesskapet vi har i Hareid - ei kulturkommune bygd på samarbeid mellom kommuna og frivillige lag og organisasjonar. Hareid skal vere ei JA-kommune som ser etter løysingar og ikkje problem – vi skal forenkle kvardagen og samtidig gi innbyggjarane den beste skulen, legge til rette for dei beste fritidstilboda – og sørge for den beste eldreomsorga.

Om eg vert ordførar vil eg legge vekt på å vere ein engasjert, lyttande og tilstadeverande ordførar for ALLE i Hareid kommune. Mi dør vil alltid vere opa, og eg vil gjere det eg kan for å gjere Hareid til ei enda betre kommune å bo i – og ei kommune vi alle er stolte av!

Eg håpar flest mogleg vil nytte stemmeretten 9. september og ynskjer alle eit godt val!

Helsing Audun Ulstein, ordførarkandidat Hareid Høgre

**Hareid Høgre er glade og stolte for at det er vår eigen noverande ordførar i Hareid, Anders Riise, som er Møre og Romsdal Høgre sin fylkesordførarkandidat. Det vil bety mykje for oss, Hareid og fylket om det er nettopp han som blir den neste fylkesordføraren. Gi difor di røyst til Høgre og Anders også ved fylkestingsvalet. Dette er ei historisk moglegheit for Hareid til å få sin fyrste fylkesordførar frå vår kommune!**





**Hareid Høyre ynskjer å legge til rette for det rike kulturlivet i Hareid. Vi skal også vere ein samarbeidspartnar for å fremje vidare utvikling av reiselivet i kommuna.**

**Vi vil at kommuna skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for næringslivet. Slik sikrar vi arbeidsplassar til kommuna og gjer Hareid til en attraktiv plass å busetje seg.**

**Hareid Høyre vil jobbe for at alle kommunale institusjonar kildesorterer og reduserer bruken av plast.**

**Vi legg vekt på å bevare den flotte naturen vi har rundt oss og er i mot vindkraftutbygging i våre fjellområde.**

Høyres Hovedorganisasjon  
Stortingsgaten 20, Oslo  
Postboks 1536 Vika, 0117 Oslo

[www.hoyre.no](http://www.hoyre.no)  
[politikk@hoyre.no](mailto:politikk@hoyre.no)  
+47 22 82 90 00

